



Seim Eiendomsutvikling AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1035 - 17/20539

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

06.07.2017

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 162/26 Hopland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om frådeling av nausteigedom.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Naustetomten som skal delast frå ligg innanfor 100 meters beltet mot sjø. Det må difor søkast om dispensasjon frå plan- og bygningslova §1-8 for byggegrense mot sjø.
2. Det må leggjast fram dokumentasjon som syner at det ligg føre rett til tilkomst til eigdommen og at det ligg føre avtale om parkeringsplass som er knytta til nausteigedommen.
3. Gjenpart av nabovarsling er ikkje sendt inn saman med søknaden.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.08.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Seim Eiendomsutvikling AS

Nesbrekka 28

5912

SEIM